



Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.
Høyringsuttale
200900615

Vår ref.
24/1416 - 3

Dato
26.04.2024

Høyringsuttale 200900615 planendring og fornya ekspropriasjonsløyve for Illvatn pumpekraftverk

Luster kommune har gjort ei administrativ vurdering av tilleggssøknaden til Illvatn pumpekraftverk, der Hydro Energi AS har søkt om følgjande endringar:

- Flytting av tverrslag ca 1,2 km sørover, frå sørenden av Illvatn til Nørdstedalen
- Flytting av deponi frå under HRV i Illvatn til terrenget ved tverrslag Nørdstedalen
- Ei auke i samla deponert mengde tunellmasse fra 300 000 m³ til 510 000 m³ der fordelinga av deponimengdene vil bli som følgjer:
 - Deponi Fivlemyr vert auka frå 200 000 m³ til 320 000 m³
 - Deponi frå Illvatn på 100 000 m³ vert flytta til Nørdstedalen og vert auka til 190 000 m³
- Etablere leievoll i tilknytning til inntak i magasin Fivlemyr
- Oppgradering av veg fra Sveinsøystølen til Fivlemyr, inkludert veg til Nørdstedalseter

Luster kommune har tidlegare kome med høyringsuttalar, og våre tidlegare synspunkt om viktigheit av lokal verdiskaping både i utbyggings- og driftsfasen står seg. Inklusivt at det gjennom utbygginga bør leggst til rette for næringsutvikling.

Den overordna haldninga til Luster kommune er at dei føreslegne endringane kan støttast av Luster kommune, og at konsesjon bør gjevast. Kommunen ser verdien av auka regulerbar vasskraftkapasitet i det norske kraftsystemet. At endra tverrslag samanlikna med det konsesjonsgjevne gjer det mogleg å etablere eit andre tverrslag utan veg vidare frå Fivlemyr vert også sett på som positivt frå kommunen si side. Denne høyringsuttala er utarbeidd administrativt, og vert lagt fram for formannskapet i Luster 15.05. Eventuelle tillegg frå politisk nivå vil bli ettersendt etter 15.05.

Luster kommune sitt inntrykk av konsesjonssøknaden til Hydro er at denne er utforma på ein tillitsvekkande måte, der omsyna til samfunn, klima og natur er skildra på ein god måte. Luster kommune vil likevel gå inn på dei ulike inngrepa og kommentere noko kva vi meiner vil vere viktig å vektlegge frå NVE si side.

Deponi Nørdstedalen: Flytting av tverrslag medfører at deponi må leggst i dagen i staden for under vatn i Illvatnet. Området der deponi er planlagt framstår i dag som urørt, då det elles er få synlege

Postadresse	Telefon	Kontonr.	E-post
Luster kommune	+ 47 57 68 55 00	3785 07 00142	postmottak@luster.kommune.no
Postboks 77		Org.nr.	Heimeside
6866 Gaupne		964 968 241	http://www.luster.kommune.no

spor etter kraftutbygging her, og det ligg tett opp til grensa til Breheimen nasjonalpark. Flytting av deponi medfører større påverknad på landskap. Det ser ut til å vere nokre små myrområde i nordleg kant av deponi, desse bør unngåast oppfylt. Avstanden til turstien som går forbi er berre 300 m og deponiet vert truleg godt synleg frå stien, då det ligg høgare i terrenget. Deponiet ligg høgt til fjells, mellom 1300 og 1340 moh, på open fastmark som er lite vegetert. Nørstedalen har eit kvartærgeologisk og geomorfologisk stort mangfald med både typiske og meir sjeldsynte formar og avsetningar. Til dømes er eit haugforma morenelandskap sjeldan å finne på Vestlandet over så store samanhengande område som i Nørstedalen, noko som gjer området særst interessant. Dei mest spesielle lokalitetane ligg utanfor deponiområda, men området som heilheit vert påverka av deponering av massar. Nord for deponi i Nørstedalen er det registrert ein førekomst av Jøkelfrostmose, ein trua (sårbar i norsk raudliste) moseart. Dette er ein ansvarsart for Noreg, og som er ein art av særleg stor forvaltningsinteresse. Ein skal ikkje utelukke at det finst spesielle artar også i tiltaksområdet. Det er ikkje registrert spesielle naturtypar i dei to deponiområda.

Deponiet ved Fivlemyrane vert ei utviding av eksisterande deponi, som vert mykje større enn det er i dag, med høgdeforskjell på om lag 25 m frå lågast til høgaste punkt. Deponiet er planlagd over det som var det gamle elveløpet frå Fivlemyr, før kraftutbygging. Det renn noko vatn i dette løpet, men hovudløpet er flytta lenger vest. I sørlege del av det planlagde deponiet, utanfor der det i dag er deponert massar, er det bekkar og våte, myrliknande område, men det er avgrensa i sør av ein større dam, som ikkje skal fyllast igjen. Også her bør ein unngå å deponere massar i myr.

For begge deponi: Revegetering og opparbeiding i etterkant vert særleg viktig, då det er store område, 37 000 m² / 64 000 m² som vert påverka. Detaljplan for miljø må skildre korleis dette skal gjerast for å oppnå eit vegetasjonsdekke som vert så likt som mogleg det opprinnelege. For Fivlemyrane må det planleggast for revegetering på allereie etablert deponi som vert betre enn det er i dag. Toppdekket bør takast vare på og tilbakeførast oppå deponi, og kanskje må det plantast/såast til med stadeigne artar/vegetasjon. Deponiområda bør kartleggast før tiltaket, for å kunne ivareta eventuelle sårbare artar.

Tiltaksområdet ligg i Reinheimen- Breheimen villreinområde. Villrein er ein art av nasjonal forvaltningsinteresse. Forstyrring i form av menneskeleg aktivitet, samt etablering av infrastruktur som reinen unngår, er blant dei truslane som påverkar villreinen. Aktivitet i byggefasen bør avgrensast så mykje som mogleg. Etablering av deponi bør ikkje skje i område som er spesielt viktige for reinen. Foreslått deponi og tverrslag er lengre unna trekkområdet enn i opprinneleg konsesjon, det kan kanskje vere positivt. Det kan vere negativt at deponiet vert liggande i terrenget i staden for under vatn. Fordelen med å endre omfang og lokalitet for deponering av massar er at anleggsfasen vert kortare, noko som vil medføre ein kortare periode med forstyrring for villrein.

Opprusting av veg Sveinsøystøylen- Fivlemyr- Nørstedalen. Langs vegen er det registrert fleire lokalitetar av edellauvskog og naturbeitemark av noko til stor verdi mellom Øyane og Øyabotn. Registreringane er gjort i 2002 og 2012. Desse må det takast omsyn til i utbetringa av vegen. I Øyabotn der vegen gjer mange svingar er det ein lokalt viktig gråor- almeskog på rasmark. Her bør det unngåast å hogge alm, fjerne daud ved og elles minimere inngrep. Edellauvskogen i Øyane er svært viktig å ta vare på, her er det registrert fleire raudlisteartar knytt til almeskogen. Gamle styva almetre bør ikkje rørast. I naturbeitemark er det viktig å oppretthalde beite, og stort potensial for funn av raudlisteartar.

Aktivitet i driftsfasen bør ikkje auka frå dagens nivå. Dette betyr at oppgradering av vegen ikkje må føre til auka opningstid i anleggsfase eller driftsfase, eller opne for meir trafikk enn naudsynt i driftsfasen.

Med helsing

Jarle Skartun
rådmann

Ole Gunnar Krakhellen
stabsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.

Kopi til
Hydro Energi As

0240 Oslo